

Hardangerrådet
Hordaland fylkesting
Det norske Storting

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 15/1431-40
Journalpostid: 2016017641

Saksh: Harald Jordal
Telefon: 53 65 40 23

Arkivkode Dato:
K1 - 080 22.11.2016

Krav om nynorske læremiddel i vaksenopplæringa

Odda kommunestyre fatta slikt vedtak den 26. oktober:

Odda kommunestyre stør brevet frå Odda vaksenopplæring ved klubben i Utdanningsforbundet om at læreverka må kome til nynorskbrukarar på alle nivå i vaksenopplæringa.

Odda kommunestyre ber Hardangerrådet, Hordaland fylkesting og Stortinget om å stø dette kravet.

Vedtaket vart fatta på bakgrunn av den opplevde situasjonen når det gjeld tilgang til nynorske læremidlar til vaksenopplæring for flyktingar, asylantar, arbeidsinnvandrarar og innvandrarar elles som treng språkopplæring.

Odda kommune er i dag ein språkleg nøytral kommune med ein nynorsk majoritet i grunnskulen. Frå og med 2020 skal kommunen saman med Ullensvang herad og Jondal kommune -som begge er nynorskkommunar - bli til Ullensvang kommune. Nye Ullensvang kommune skal vera ein nynorskkommune med om lag 11.500 innbyggjarar

Eg i ser det slik at det er viktig for alle innvandrarar å få opplæring i nynorsk i eit nynorsksamfunn. Effektane av det vil så positivt ut på mange nivå- frå å meistra kvardagen med leksehjelp til barna, til arbeidsoppgåver, til rett oppfatning av informasjon frå det offentlege og i møte med offentlege tenestemenn, til integrering og bygging av sosiale nettverk. I det heile vil kompetanse i nynorsk gjera det lettare å bli integrert i lokalsamfunnet inkl. framtidig busetting.

I praksis trur eg ikkje -dersom målsettinga har skal nåast på rimeleg tid- at det nokon veg utanom å lovfesta kravet om at læremidlane skal føreligga til same tid og til same pris på nynorsk og bokmål.

Eit levande kraftsenter

Stab	Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 51	Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Opheimsgata 31	Innbetaling skatt:	6345.06.12288	Epost:	epost@odda.kommune.no
5750 ODDA				

Med undervisningsmateriell på begge målformer kan kvar kommune då bestemma om den skal gi vaksenopplæring på bokmål, nynorsk eller begge deler. I dag føreligg ikkje dette som eit reelt val.

Eg ber med dette på vegen av kommunestyret i Odda om at Hardangerrådet, Hordaland fylkesting og Stortinget stør opp Odda kommunestyre sitt initiativ og set makt bak kravet ved å gå in for at læremiddel til vaksne framandspråklege skal vera tilgjengeleg på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris.

Det er i pakt med reell likestilling av dei to norske skriftspråka : Nynorsk og bokmål og dei demokratiske rettar som fylgjer av det

Venleg helsing Stab

Ole Jørgen Jondahl
rådmann

Harald Jordal
kommunesekretær

Kopi :
Utdanningsdirektoratet
Kunnskapsdepartementet
Odda kommunestyre som melding til møte 23.11.16